

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014**Handsaming i møte**

På bakgrunn av evaluert plan for selskapskontroll, og etter felles diskusjon i møtet, vart kontrollutvalet samde om å be Deloitte gjennomføre selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS og Hardangerbrua AS.

Deloitte vil utarbeide forslag til prosjektplanar til neste møte. I dette vil kontrollutvalet også ta stilling til om andre kommunale eigarar skal verte invitert til å delta i selskapskontrollane.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføra selskapskontroll av Fastlandssambandet Halsnøy AS og Hardangerbrua AS
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplanar vert å sende til sekretariatet seinast innan 9.4.14 med tanke på godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.